

**BLIDE KARAR:** Atle Bondevik og Olav Arne Tveito har merka mange av turløypene i bygda, blant anna den til Dyråsen.



# «Det er ikkje mange vekene sidan me merka denne løypa, og du kan sjå at folk alt har tatt den i bruk.»

– Skulen har turar dit. Skuleborna går opp på ein god halvtime. Det er ikkje så langt, og det er ein enkel og grei ettermiddagstur, seier Bernt Olav Fjellanger i Kløvheim bygdelag.

Han er veldig fornøgd med innsatsen som er gjort for å merka turløyper, og er ikkje i tvil om at dette er eit løft for heile bygda.

## Både kort og langt

Frå Trekanten er det blant anna merka ei 1,6 og ei 1,4 km lang rundløype til Fløyen, og løype til Dyråsen (3,3 km), Selivarden (tre alternativ 5,8 km, 6,4 km og 6,9 km), Tveitavarden (4,5 km) og Lialoftet (4,5 km).

– Nokre av løypene me har merka kryssar kvarandre. Det går fint å gå frå den eine til den andre, og laga seg ein skikkeleg dagstur. Det er eit stort område med turløyper i området frå Eknes til Kløve og mot Vågseidet, fortel Atle.

Strilen har gode to timar til disposisjon. Det er akkurat nok til Atle og Olav Arne får vist fram to løyper. Ein heilt ny tur til Dyråsen, og den korte løypa til Fløyen.

– Du kan gå heile turen med utgangspunkt frå Trekanten, men det rekk du ikkje på to timar, så me kjører opp til Opptun og går tur-retur Dyråsen derifrå, forklarar karane.

Me hoppar inn i bilen til Olav Arne, kjører opp bakken bak Trekanten. Vidare følgjer me vegen til Tveito, og tar av til garden på Opptun. Her har karane sett opp eit skilt som viser veg til Dyråsen.

## – Pass på sauene

– Grunneigaren har vore veldig grei og laga ein god port til turgåarane. Det er viktig at folk hugsar å lukka for grinda, for det går mykje dyr på beite i marka her, seier Atle.

Like innom porten ser me både sauer og ein flokk kviger.

Løypa her er så ny at det enno ikkje går nokon tydeleg sti over beitet. Men Atle og Olav Arne har merka traseen med trestikker med blå og raud farge på, slik at folk ser kor dei skal gå og ikkje trakkar ned grasnet alle mulege plassar.

– Om folk følgjer merkinga, går det fint, seier dei.


## Solid gjerdekliv

Frå sauebeitet viser stikkene veg inn på ein traktorveg, og plutsleg dukkar det opp eit solid gjerdekliv som me kan bruka for å koma oss over eit gjerde.

– Dette er det første gjerdeklivet eg har bygd. Det vart kanskje litt i største laget, men eg var opptatt av at det skulle vera solid og godt å gå på, fortel Olav Arne.

Medan me går, diskuterer dei to merkinga og fortel kor dei har saga ned tre og rydda busker. Dei gler seg over at me etter kvart kan sjå ein tydeleg sti i marka.

– Det er ikkje mange vekene sidan me merka denne løypa, og du kan sjå at




**FERSIK STI:** Atle og Olav Arne merkar trasear. Folk kan gå, og så blir stien til etterkvart som fleire og fleire tek turen.



**TREKANTEN:** Aktivitetsparken ligg ved Kløvheim skule. Her har Bernt Olav Fjellanger og borna Laura (7), Victoria (10) og Gunnar (3) vore mykje.



**TURBØKER:** På mange av toppane er det lagt ut turbøker der ein kan skriva seg inn. – Det er viktig å ha ei gulrot, seier Atle og ler.



**FLØYPILEN:** Denne vart sett opp slik at folk på skulle sjå kva veg vinden blas, om det var fiskevær eller vindforhold som gjorde det best å jobba heime.



**FIN UTSIKT:** Det siste stykket fram mot toppen på Dyråsen får du fin utsikt over vatnet og Seimsfjorden (ikkje synleg på dette bildet).



**GJERDEKLYV:** Fleire stader er det bygd trapper for at det skal vera lettare for turgåarar å koma fram.

folk alt har tatt den i bruk. Det er veldig kjekt, seier dei.

## Justeringar

Karane ser ei mulegheit til å få testa ut om merkinga er god nok, og sender journalisten først. Det går stort sett greitt, men ein stad bestemmer dei seg for at merkinga må justerast litt slik at ikkje folk vel snarvegen ut i blaute myra.

– Terrenget her er lett kupert utan dei store stigningane, så dette er turar dei fleste vil oppleve som greie, meiner dei.

Etter ei lita stund kan me sjå utsikta dei har lova.

Dyråsen er ikkje så høg: Berre 284 meter. Men her får ein fin utsikt over vatn i nærområdet i tillegg til Seimsfjorden. Me går same veg nedatt til Opptun.

Det er alt kome ein del namn i turboka på Dyråsen, og turboka på Fløyen er det mange.

– Det er viktig å ha ei gulrot å lokka folk med, seier Bondevik og ler.

Stiane til Fløyen er mykje brukte, og det er lett å vita når du har nådd målet.

På toppen av «Fløyen» står nemleg ein stor pil som minner mykje om den som står på den litt meir kjente Fløyen i Bergen.

## Planlegg kart

Pila vart sett opp i 1924 for at bøndene lenger nede skulle sjå kva veg vinden blas, og dermed vita om det var fiskevær eller ikkje. På toppen står det også ein benk, som er praktisk om du har lyst å eta nista di her. Og denne turen er så lett at både store og små kan trivast.

Sidan mange av turstiane rundt Kløve er heilt nye, finn du dei ikkje på turkartet over Lindås. Men eldsjelene på Kløve jobbar med å få laga eit oversiktskart som viser alle rutene.

Dersom alt går etter planen, blir det i løpet av sommaren hengt opp eit kart og informasjon om alle turmuleheitene i området på oppslagstavla på Trekanten.